

Rundskriv HB-1172
10. februar 1986

Til kommunane

LISTER OVER HUSBANKLÅNTAKERE

Husbanken sender gjenpart til kommunane av alle tilsegnsbrev som gjeld eigedomar i kommunen. Det kan tenkjast at vi kjem til å slutte med dette om eit år eller to som ein lekk i rasjonaliseringa av rutinane.

Som ein prøveordning vil vi tilby kommunane fire-månadlege EDB-lister over alle som har fått tilsegn om husbanklån som gjeld eigedomar i kommunen. Lista inneheld opplysningar om søknadsnummer, dato for tilsegn, låntakernes namn og adresse, låneformål, lånebeløp og antall bustader tilsegnet gjeld. Den første perioden tilbodet gjeld er 1. tertial (månadene januar - april) 1986.

Husbanken er kjend med at kommunane også vil ha nytte av å få kjennskap til kven som har fått utbetalt husbanklån. Serleg når det gjeld handsaminga av saker om bustønad og om fritak for eigedomsskatt, er det viktigare for kommunen å kjenne til kven som faktisk har fått utbetalt husbanklån enn kven som har fått tilsegn.

For å hjelpe kommunane med dette, har Husbanken òg sett seg føre å trykkje EDB-lister, ordna kommunevis etter kvar eigedomen ligg, over utbetalte husbanklån. Lista vil innehalde lånets identifiseringsnummer, utbetalingsdato, låntakarens namn og adresse, låneformål og søknadsnummer. Låneformålet er interessant fordi det berre er lån til oppføring som gir rett til skattefritak.

Den Norske Stats Husbank

Fridtjof Nansens vei 17
Postboks 5130 Majorstua
0302 OSLO 3
Tlf. (02) 46 94 00

Minde Allé 10
Postboks 173
5032 MINDE
Tlf. (05) 28 52 00

Søndre gt. 12
Postboks 489
7001 TRONDHEIM
Tlf. (07) 52 91 50


Sjøgt. 15
Postboks 384
8001 BODØ
Tlf. (081) 23 540

Strandgt. 49
Postboks 480
9601 HAMMERFEST
Tlf. (084) 12 333

Husbanken vil no trykkje ei liste over alle som har fått utbetalt lån i året 1985. Frametter vil vi trykkje lister kvar fjerde måned, med oppgåve over kven som har fått utbetalt husbanklån i respektive månedene januar - april, månedene januar - september og heile året.

Vi veit at ikkje alt tilfang som vi sender til kommunane, kjem fram dit det trengst mest. Vi ber derfor dei kommunane som vil ha desse listane, om å sende inn melding til Husbanken, Postboks 5130, Majorstua, Oslo 3, om namnet og adressen til den instansen i kommunen som skal ha lista.

DEN NORSKE STATS HUSBANK


Bernt Frydenberg
Direktør


Bjørn Aulie